



Svein Jacob Mathisen
Hjaltlandsgata 1 A
4009 Stavanger

Kontakt saksbehandler
Rasmus Rikter-Svendsen, 51 56 87 34


Svar på spørsmål om tiltak er søknadspliktig etter forureiningslova

Statsforvalteren i Rogaland har vurdert oppmodinga, og konkluderer med at tiltaket ikkje trenger løyve etter forureiningslova § 11, jf. forureiningslova § 8.

Vi viser til etterspurt vurdering om behov for løyve etter forureiningslova, motteke på e-post den 30. august 2022.

Sakas bakgrunn

Fimbul AS skal, på vegne av tiltakshavar Svein Jacob Martinsen, re-etablere kai på eigendom gnr/bnr 116/7 i Karmøy kommune. I februar 2020 tok kaia skade under eit uvær med stormflo, som medførte utgliding av blokker langs kaia si øvre del. Tiltakshavar har no fått byggeløyve til å re-etablere fronten og fyller ut i nedre ned av kaia for å forhindre framtidig signing og utgliding (fig. 1). I den forbindelse ber dei om avklaring frå Statsforvalteren om tiltaket er søknadspliktig etter forureiningslova.



Figur 1: Snitt av planlagt tiltak. Område markert med "forsterkning" skal utfyllast.



Rettsleg grunnlag

Mellombels anleggsarbeid fell inn under ei unntaksbestemming i forureiningslova. Bygge- og anleggsverksemd som berre er mellombels, altså med ein lengd på maksimalt 3 år, er dermed lovleg etter forureiningslova såframt forureininga er å sjå på som vanleg. At forureininga er vanleg, betyr at den ikkje førar med seg uakseptable skadeverknadar på sjø- og vassdrag, jf. forureiningslova § 8 første ledd nr. 3. Mellombels anleggsverksemd med normal forureining betyr i praksis at det ikkje trengs løyve etter forureiningslova § 11.

Vår vurdering og konklusjon

Vurdering av tiltaket etter rettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12, jf. § 7, tilseier at naturen i området kan bli negativt påverka av tiltaket. All anleggsverksemd i sjø og vassdrag har potensiale for forureining, særleg i form av partikkelspreiing. Ved utfylling i sjø vil partiklar kvervlast opp, noko som kan medføre spreiiing av forureining eller nedslamming av naturtypar.

Tiltaksområdet ligg i eit registrert gytefelt for torsk, *Bokn til Førresfjorden*, som er registrert som eit regionalt viktig gytefelt¹. Det er også registrert ei ålegraseng ca. 200m sør for tiltaksområdet¹. Ålegras dannar basis for eit rikt biologisk mangfald, og gir beskyttelse og næring til både blautdyr, skaldyr, fiskeyngel og fuglar. Ålegrasenger og gytefelt for torsk heng tett saman då det fungerer som beiteområde og skjulestad for yngel og småfisk.

Tiltak i sjø har stort potensiale for å ha negativ innverknad på gytande torsk gjennom partikkelspreiing, og det er dermed viktig at tiltaket ikkje blir gjennomført i den mest intense gyteperioden for kysttorsk, 01. januar – 30. april. Karmøy kommune har satt dette som vilkår i rammeløyvet datert 30. august 2022.

Statsforvaltaren vurderer at forureininga frå anleggsverksemda er å sjå på som vanleg, og er av mindre miljømessig betydning. Det betyr at tiltaket ikkje er søknadspliktig etter forureiningslova § 11.

Det at tiltaket ikkje er søknadspliktig etter forureiningslova fritar ikkje tiltakshavar for allmenn aktsemd eller plikt til å unngå forureining.

Med hilsen

Kirsten Redmond Kristiansen (e.f.)
fagleder forurensing

Rasmus Rikter-Svendsen
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

FIMBUL AS

Fjellvegen 13B

5694

ONARHEIM

¹ [Temakart-Rogaland](#)